

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA - F90	15/3088

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
146/2015	Formannskapet	PS	02.12.2015
	Kommunestyret	PS	

## Eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosialtenester - nye satsar frå januar 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Viser til kommunestyret sak 005/10 samt sak 101/10 der ein vedtok prinsipp for fastsetting av eigenebetaling for tenesteyting innan helse- og sosiale tenester. Her vart det mellom anna fatta vedtak om at Meland kommune årleg skal justera satsar og utgiftstak jamfør auke i Grunnbeløp (G), samt at ein i hovudsak skal nytte sjølvkostprinsipp for fastsetting av prisnivå.

Sjølvkost tyder at kommunalt prisnivå på eigenbetaling ikkje er høgare enn kommunen sine egne samla utgifter til aktuell tenesteyting. Sjølvkost vert rekna til ein gjennomsnittleg timeløn inklusiv sosiale utgifter for den tenesteytinga som vert utført pluss administrasjonsutgifter.

Administrasjonsutgifter kan her utgjere inntil 10% av nemnde kostnadsnivå.

Lovgrunnlag er Lov om helse- og omsorgstenester kap. 11 samt [Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester](#)

Per 01.05.15 auka grunnbeløp frå kr. 88.370,- til kr. 90.068,-. Dette er ein auke med 1,92 %

Sist prisendring vart godkjent av kommunestyret sak 80/2014, og tabell under syner framlegg til prisendring frå 2015 til 2016.

#### Tabell nr. 1

Nr.	Teneste med krav til brukarbetaling	Pris 2015	Pris 2016
1.	Heimehjelp og praktisk bistand (inntekt inntil 2 G - vert årleg justert via forskrift)	Per time kr. 186,- Maks per mnd.: kr. 186,-	Per time kr. 186,- Maks per mnd.: kr. 186,-
2.	Heimehjelp og praktisk bistand (inntekt over 2 G), samt:	2-3 G kr. 308,- 3-4 G kr. 358,- 4- ..G kr. 464,-	2-3 G kr. 314,- 3-4 G kr. 365,- 4- ..G kr. 473,-

	Ledsagerteneste Bistand v/handling BPA v/handling Vaktmesterteneste	Maks per mnd: 2-3 G kr. 899,- 3-4 G kr. 1348,- 4-5 G kr. 1887,- 5-..G kr. 2425,-	Maks per mnd: 2-3 G kr. 916,- 3-4 G kr. 1374,- 4-5 G kr. 1923,- 5-..G kr. 2471,-
3.	Kommunal kjøring ved private gjeremål tenestemottakar (vert nytta minimalt og er ikkje eit generelt tilbod)	Statleg sats	Statleg sats
4.	Tryggleiksalarm (I-6/2006)	Pr mnd. kr. 429,-	Pr mnd. kr. 437,-
5.	Korttidsopphald Meland sjukeheim (sum styrt av forskrift)	Pr. døgn kr. 147,- (forskrift)	Pr. døgn kr. 147,- (forskrift)
6.	Dag- og nattopphald Meland sjukeheim (sum styrt av forskrift)	Pr. dg/n kr. 77,- (forskrift)	Pr. dg/n kr. 77,- (forskrift)
7.	Maksimalsats for langtidsopphald Meland sjukeheim (per mnd)	Ingen maksimalsats	Ingen maksimalsats
8.	Langtidsopphald Meland sjukeheim	Jfr lov og forskrift	Jfr lov og forskrift
9.	Opphald v/dagsenter - pris per dag	32,-	33,-
10.	Transport hente/bringe – fast pris tur/retur	32,-	33,-
11.	Transport matlevering (I-6/2006) – pris per dag per levering	22,-	23,-
12.	Tekniske hjelpemiddel – korttid (2 år) Gebyr per oppdrag (h/b lokalt lager)	125,-	127,-

**Tabell nr. 2**

Nr.	Mat produkt	Pris 2015	Pris 2016
13.	Frukost	35,-	36,-
14.	Middag m/dessert	75,-	76,-
15.	Graut	39,-	40,-
16.	Kvelds	35,-	36,-

## **Vurdering**

Rådmann vurderer at det er føremålstenleg å justere samla prisauke gjeldande for 2016 for lovpålagte tenester samt for tenester som ikkje er lovpålagt. Syner her til tabell 1 og 2 over. For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.

Rådmann tilrår å vidareføre prinsipp for fastsetting av eigenebetaling jamfør kommunestyret sak 005/10. Det er naudsynt å understreka at Meland kommune vil halde fram med å sikre lovkrav med omsyn til brukargrupper med lågt inntektsgrunnlag (inntil 2 G). Vidare vil ein sikre brukargrupper med omfattande trong for tenesteyting ved å nytte fastsett utgiftstak per måned. Med andre ord vil tenestemottakarar med omfattande trong for koordinert tenestetilbod få eit prisvern jamfør utgiftstak.

Rådmann har og fullmakt til å vurdere reduksjon/fritak for eigenbetaling i individuelle saker. Dette for å sikre at tenestemottakar har tilstrekkeleg midlar til å dekke sine personlege behov og eventuelt bere sitt ansvar som forsørgjar.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

## **Konklusjon**

Rådmann rår til at kommunestyret godkjenner nye betalingssatsar for 2016 slik dei ligg føre i saksutgreiing.

## **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01.2016 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.

For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.»

## **Formannskapet - 146/2015**

### **FS - behandling:**

### **FS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01.2016 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.

For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.»

